

Planomtale: **Utviding av Hydla 2**



Rev 1

9. september 2014

REGULERINGSPLAN

Utviding av Hydla 2
Dato: 9.9.2014

Utarbeida av: a-vista, pb 78, Perhusvn.29, 6781 Stryn

v/ Åse Bergset
og Inger Langvik

Oppdragsgjever: Hydla AS, v/ Otto Vik, 6781 Stryn

Prosjektansvæleg: Otto Vik, 6781 Stryn

Oppdragsleiing: Hydla AS/Otto Vik

Prosjektering: a-vista

Stad/dato

Stryn 0.9.0.9.14

Signatur

Revisjon

Stad/dato

9.9.2014

Signatur

Sign.

Åse Bergset

Byggegrense, bekk og utn.gr. I 110

Dato

09.09.2014

Innleiing

Hydla AS har forretningsadresse i Stryn, og driv med eigedomsutvikling og byggeleiing.

Hydla AS v/ Otto Vik utarbeida første reguleringsplanen for Hydla 1 i 2003, og selde og bygde ut dei 39 tomtene i det feltet i løpet av få år. I 2011 starta arbeidet med å regulere Hydla 2, og med denne planen er utbyggingsområda som er viste i kommunedelplanen på Otto Vik sin eigedom ferdig regulert.

Det har vore ei rivande utvikling i dette området dei siste ti åra, og hyttefelta, skitrekket og sentrumsfunksjonane har generert mange arbeidsplassar, auka omsetnad og stor aktivitet for næringslivet i kommunen.

Målet med denne planen er å legge tilrette for ei vidare utbygging av 7 nye tomter, og bygge ut desse med eigenproduserte hytter.

Innholdsliste

1 SAMANDRAG.....	2
2 BAKGRUNN	2
2.1 Målsetting.....	2
2.2 Namnebruk.....	2
2.3 Plandokumenta.....	2
2.4 Kart, innmålingar.....	2
3 PLANPROSESS	2
4 PLANSTATUS OG RAMMER FOR ARBEIDET.....	3
5 PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON.....	3
5.1 Lokalisering.....	3
5.2 Terrenget, landskap og vegetasjon.....	3
5.3 Eksisterande infrastruktur.....	4
5.4 Kulturminner, verneinteresser.....	4
6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET.....	4
6.1 Arealdisponering innanfor området.....	4
6.2 Tomteinndeling	4
6.3 Byggeskikk.....	5
6.4 Infrastruktur, veg, renovasjon, parkeringsplassar.....	5
6.5 Grøntstruktur, møte- og leikeplassar.....	5
6.6 Terrengtilpassing.....	5
7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET	6
7.1 Naturmangfold og naturmagfaldlova	6
7.2 Friluftsinteresser	6
7.3 Støy.....	6
7.4 Trafikktryggleik i feltet.....	6
7.5 Born og unge sine interesser.....	6
7.6 Universell utforming.....	6
7.7 Beiteinteresser.....	7
7.8 Skogsdrift.....	7
7.9 Konsekvensar for kommunen og næringslivet.....	7
7.10 ROS-ANALYSE.....	7
7.10.1 Samandrag- avbøtande tiltak.....	7
7.10.2 Om analyseområdet.....	7
7.10.3 Vurdering av farekategoriar og drøfting av tiltak.....	7
Farlege stoff.....	8
Terror/ sabotasje.....	8
Trafikktryggleik, kommunal tilkomst til feltet.....	8
Skog- og grasbrann.....	8
Infrastruktur.....	8
Høgspentanlegg.....	8
Radon.....	8
Overvatn/flaum.....	8
Skred/ras.....	9
7.10.4 Sjekkliste klimatilpassing.....	9
8 INNSPEL.....	10
9 REFERANSAR OG KJELDER.....	10

1 SAMANDRAG

Denne reguleringsplanen er ei utviding av Hydla 2, som var godkjend 25.2.2013. Utvidinga ligg vest for det allereie utbygde hyttefeltet Hydla 1, og inntil sørlege grensa for Hydla 2.

Planen viser 7 nye tomter, tilkomstveg, grøntareal og rastepllass ved turløypa mellom Stryn skisenter og Ullsheim. Innspela etter melding om oppstart var generelt positive. Premissane for planen var i all hovudsak lagde i overordna kommuneplan der grensa for byggeområdet og utnyttingsgraden er gitt.

2 BAKGRUNN

Planen er utarbeida av a-vista v/ Inger Langvik og Åse Bergset på oppdrag frå tiltakshavar, Hydla AS ved Otto Vik, som også er grunneigar.

2.1 Målsetting

Målet er å utvide Hydla 2 med 7 tomter, samt legge tilrette for ein rastepllass langs turvegen sør for Hydlamyrane.

2.2 Namnebruk

Det allereie *ferdig* utbygde feltet på Hydlamyrane er i dette dokumentet kalla Hydla 1. Feltet som vart regulert i 2013 er under opparbeiding/utbygging, og er kalla Hydla 2, medan denne omtala omhandlar ei *utviding* av Hydla 2. Planen fekk i oppstartsmøte med Stryn kommune tildelt plannamn: Detaljregulering for Hydla 2 -utviding, og plan ID: 2014003.

2.3 Plandokumenta

Denne planomtala inneholder ROS-analyse for området, ei omtale av planen og av verknadane av den, samt kommentarar til innspela vi mottok etter varsel om oppstart. Plankartet er i målestokk 1:2000. Reguleringsføresegnene er vedlagde plankartet.

2.4 Kart, innmålingar

Det eksisterer ikkje kart med meterskoter for terrenget. Vi har brukt anleggskikkert, og målt inn ein god trasse for vegen og gangstien til rasteplassen, samt funne gode byggeflater for framtidige hytter. Det går 2-3 lange skrentar gjennom det aktuelle terrenget, som har vore avgjerande for tomteinndeling og plassering av vegen.

3 PLANPROSESS

Otto Vik og Inger Langvik hadde oppstartsmøte med Stryn kommune 10. mars 2014. Stryn kommune stilte seg positive til å starte opp arbeidet med reguleringsplan for utvidinga, og samtykka i at planforslaget vil samsvare med overordna kommuneplan, og at det ikkje er behov for planprogram og konsekvensanalyse, jfr PBL § 4-1 og 4-2.

Det vart sendt ut varsel om oppstart til meldingsinstansar, naboar og berørte partar 18. mars 2014, med frist til å gje tilbakemeldingar den 15. april 2014. Oppstart vart samstundes annonser i Fjordingen.

4 PLANSTATUS OG RAMMER FOR ARBEIDET

Reguleringsplanen ligg på eigedomen, g.nr./b.nr 46/113, og er utarbeida i samsvar med PLB §12.3 om detaljregulering, - *i samsvar med* overordna kommunedelplan for Bøasætra- Ullsheim, (heretter KDP) vedteken 25.02.13. Dermed er det ikke krav om konsekvensanalyse eller planprogram.

Planområdet grensar inn til *områderegulering for Tonningsleirane - Ullsheim sti- og løypenett*, vedteken 25.09.13. Planen er ei utviding av Hydla 2, som var endeleg godkjend i 2013, og fritidstomtene innanfor utvidinga skal knytast til eksisterande infrastruktur i Hydla 2.

5 PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON

5.1 Lokalisering

Planområdet er på 28,6 Daa, og ligg ca 5 km nord for Stryn sentrum.



Fig 1. Kart som viser området mellom Stryn skisenter og Lundesætra nord for Stryn sentrum.
(Kjelde: Statens kartverk)

5.2 Terren, landskap og vegetasjon

Planområdet ligg ca 1 km vest for Stryn skisenter. Nedste delen av feltet ligg på 355 moh, og tomtane på 365-380 m.o.h. Terrenget hallar mot sør-aust, og består av myrar, med tørrare knausar i mellom. Det går 3 lange skrentar gjennom feltet, og desse indikerar naturlege tomtegrensar og gir nivådifferanse mellom hyttene.

Innimellan myrane er det knausar og småkuperte tørrare parti. Vegetasjonen i feltet består av ikke drivverdig skogsareal, -hovudsakleg spreidd furuskog, men med litt lauvskog på enkelte områder.

5.3 Eksisterande infrastruktur

Det vert framført straum, vatn og avløp til Hydla 2 som utvidinga skal knyttast til. Stryn kommune og Hydla AS har inngått ei utbyggingsavtale for dei eksisterande hyttefelta på Hydlamyra, og avtala vil verte vidareført og gjeldande også for utvidinga av Hydla 2. Per i dag er det fleire hundre fritidsbustadar rundt Stryn skisenter, og KDP opnar opp for omlag 1000 tomter. Av desse ligg 104 tomter på Hydlamyra.

Hydla-feltet har tilkomst via kommunal veg til skisenteret. Det er avsett areal til felles parkeringsplassar, leikeplassar og anna fellesareal innanfor Hydla 2.

5.4 Kulturminner, verneinteresser

Det er ingen SEFRAK-bygg eller registrerte kulturminner innanfor plangrensa, eller i umiddelbar nærleik til feltet. På støylskviene i ega er det kartlagde *lokaltetar* for biologisk mangfald, men på grunn av avstandane vil ikkje utbygginga påverke desse negativt. Lundasetra har kortaste avstanden til feltet, - ca 500 meter frå nærmeste hytteplassering, og utan direkte innsyn til hyttene. Søraust for Hydla 1 ligg Vinsryggmorena, ein verneverdig kvartærgeologisk førekommst, men den vert ikkje rørt i samband med utbygginga.

6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

Eg vil i det påfølgjande gå gjennom planforslaget, og utdjupe og drøfte løysingane.

6.1 Arealdisponering innanfor området

Arealdisponeringa er vist på plankartet, og bruken fordeler seg som angitt under:

Reguleringsformål	Areal	% av totalt areal
Fritidsbustadar	9 Daa	31,46%
Friluftsområde	11,3 Daa	39,51%
Felles grøntareal	1,9 Daa	6,64%
Felles vegar, oppstillingsplassar	1,4 Daa	4,90%
Rasteplass	5 Daa	17,48%
Sum	28,6 Daa	100,00%

Fig 2. Tabellen viser reguleringsformål, og arealet innanfor kvart formål.

6.2 Tomteinndeling

Planen er ei utviding av Hydla 2, og byggeområdet er avgrensa i KDP. Tilknyting til eksisterande infrastruktur vart lokalisert ved planlegging av Hydla 2, så infrastrukturen i denne planen er «låst» i stor grad. Plankartet viser 7 tomter, med minimumsstorlek på eit mål. Tomtane er plasserte med tanke på følgjande:

- tilkomst skal ha jamnt, akseptabelt fall, med tomter på begge sider
- eit eksisterande «platå»/flate til å plassere hytta på
- terrenghold, naturlege grenser mellom tomtene
- skjerming i høve til nabotomtene, og frå vegen
- solgang/utsikt
- gode fellesareal

Utbygger er oppteken av estetikken i feltet, og ønskjer å heve kvalitetane ytterlegare i forhold til

Hydla 1 og 2. Kundane ønskjer stadig større hytter og tomter, og det blir då viktig å finne gode plasseringar for hyttene, slik at ein kan bygge utan å arrondere for mykje.

6.3 Byggeskikk

Vidare ønskjer tiltakshavar å legge strenge føringa for fargebruk på fasadane. Utbyggjar vil legge fram eit fargekart som kundane må velje frå. I tillegg er det i vedtektena stilt krav om torvtak på alle bygg for å unngå at hyttene vert dominerande i terrenget.

Plassering av hyttene må vurderast individuelt for kvar byggjesak, der ein tek omsyn til storleik, omgjevnadar og terrenginngrep, og kor synlege dei vert i terrenget. Det skal også takast omsyn til naturgjevne føresetnadurar på tomta og i omgjevnadane. Snø-, vind- og solforhold skal vurderast ved plassering av hytta med tanke på energiforbruk og gode, skjerma uteplassar. Kvar hytte skal sikrast sitt private uteområde.

6.4 Infrastruktur, veg, renovasjon, parkeringsplassar

Det eksisterer ikkje kart over feltet med ein meters koter, men vi har gått opp vegtrassèen med ein anleggskikkert, samt målt inn gode hytteplasseringar og skrentane i feltet. Vegen til tomtene er 160 meter lang. Vegbana blir 4,5 meter brei, men det er sett av totalt 6 meter til vegareal, grøftar og snøopplag. Det er hytteforeninga/hytteeigarane i fellesskap som står for snøbrøyting. Nokre tomtar grensar inn mot veg. Såleis blir grøftearealet ein naturleg del av tomta. Grøftearealet vil nyttast ved brøyting. Dette er regulert i kjøpekontrakten pkt 11 (sjå vedlagde kontrakt).

Feltet skal vere knytt til straum, kommunalt vatn og avløp, og det vert tilrettelagt for at det kan trekka ut fiberkablar fram til alle tomtene. Hydla AS inngjekk ei utbyggingsavtale for vatn og avløp ved opparbeidning av Hydla 1, og dette samarbeidet vert vidareført til Hydla 2.

Utbyggjar vil også vektlegge grøfting då Ros-analysa viser at overvatn og utgraving kan representere eit problem. Grunneigar har hausta gode erfaringar gjennom arbeidet med Hydla 1, der overvatn så langt ikkje utgjer eit problem pga gode løysingar. Ein bekk som gjekk sør om tomta I112, er i løpet av planprosessen drenert bort, då tiltakshavar har etablert grøfter innanfor Hydla 2, som leier vatnet til bekk lenger nord i terrenget. Tiltakshavar vil likevel som på Hydla 1og 2, plastre bekkar og opparbeide gode grøfter langs vegane og i terrenget ved behov.

I samband med reguleringsplanen for Hydla 2, vart terrenget synfare av geolog med tanke på skredfare, ras og andre risikofaktorar. Geologen konkluderte då med at feltet var trygt, så lenge ein tok omsyn til risikoien for overflatevatn.

Det er sett av areal til renovasjon, post og anna felles teknisk tilrettelegging innanfor Hydla 2, som tomtene på utvidinga av Hydla 2 også kan nytte.

6.5 Grøntstruktur, møte- og leikeplassar

Planområdet er på 28,6 Daa, og av dette er friluftsareala på 11,3 Daa, i tillegg til at 5 Daa er rastepllass. Så er det sett av tre fellesareal i feltet. Det går tursti /lysløype like forbi tomtene, og Hydla 1 og 2 er også fragmentert av grøntareal og leikeplassar. Leikeplassane og fellesareala skal vere felleseige for tomtene i feltet.

6.6 Terrengtilpassing

Utbyggjar legg vekt på å arrondere minst mogeleg på tomtene, og å ivareta eksisterande vegetasjon der det er mogeleg. (sjå også kap 7.1) Vegen på planen må etablerast med gode grøfter på kvar side, og vatnet må førast til bekk.

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

Under vil vi drøfte verknadane av ei realisering av planen, inkludert ei ROS-analyse. Det er ikkje utarbeida konsekvensanalyse for denne planen, då dette vart gjort i samband med KDP (sjå kap. 4).

7.1 Naturmangfald og naturmangfaldlova

Planen sine verknadar på naturmiljø og ressursar er nøyne drøfta i samband med reguleringsplanen for Hydla 2 utan at ein fann negative konsekvensar då. Vi konstaterar likevel følgjande:

- Det er ikkje avmerka element i SEFRAK-registeret frå feltet.
- Det er ikkje registrerte spesielt sårbare eller sjeldne biotopar innanfor eller i nærlieken av feltet på direktoratet for naturforvaltning sine kart. (<http://geo.ngu.no/kart/arealisNGU/>)
- På artsdatabanken sine kart er det heller ikkje registrerte observasjonar, bortsett frå ein Furukorsnebb ved Lundesetra i 2011, ca 500 meter frå plangrensa.

Vi meiner derfor at utbygginga ikkje vil ha vesentlege verknader i høve prioriterte artar, utvalde naturtypar, eller biologisk mangfald jfr Naturmangfaldlova kap 2.

7.2 Friluftsinteresser

Det er god avstand mellom tomtene og turvegen av omsyn til friluftsinteressene. Grunneigar ser det som viktig å bevare kvalitetane nærområde har som rekreasjonsområde, og har bidratt til å sikre turstien for framtida gjennom å «megle fram» løysingar mellom grunneigarane og kommunen.

7.3 Støy

Trafikken til feltet vil passere bustadfeltet i Tonning og fritidsbustadane i det etablerte Hydla 1, men utover litt auka trafikk, vil ikkje utbygginga medføre støyproblem. Under anleggsperioden vil utbygginga medføre noko støy i nærområdet.

7.4 Trafikktryggleik i feltet

Tilkomstvegane i feltet har same standard som i Hydla 1 og 2, og fall under 10 %. Vegen skal leggast «lågt» i terrenget utan at det vert etablert høge skråningar og fyllingar. For å redusere risikoene for påkøyrlar av gåande langs vegen, er det sett fartsgrense på 40 km/t.

7.5 Born og unge sine interesser

Barn og unge sine vilkår i feltet er svært gode, med store friluftsareal, og spennande uteområder for leik. Det er kort veg til skisenteret og alpinbakken, og turløyper i nærlieken. Reguleringsplanen er utarbeida med tanke på barnefamiliar, og det er vist 3 felles leikeplassar / møteplassar på området, i tillegg til at det er regulerte inn mange leikeplassar på Hydla 2. Det er også avsett store friluftsområde innanfor plangrensa, og tiltakshavar ønskjer å etablere ein rastepllass ved turløypa.

7.6 Universell utforming

Dette er eit hyttefelt, og kravet til universell utforming gjeld berre delvis for området. Dersom hyttene er større enn 150 m² eller har to eller fleire bueiningar, gjeld dei same krava som til bustadar. Uavhengig av føresetnadane over, gjeld kravet om at *"uteareal skal ha tilstrekkelig egnethet og utforming etter sin funksjon."* (TEK10). Dette betyr at opparbeida område skal vere eigna til føremålet, men det er ikkje krav om tilpassing til rullestol. Hyttefeltet er av ein slik karakter at ein del av tomtene likevel kan opparbeidast og tilpassast rullestolbrukarar.

7.7 Beiteinteresser

Det har tidlegare vore motsetnadene mellom beiteinteressene og ønskjet om å bygge ut hyttetomter rundt Stryn skisenter. I samband med at Hydla 1 og Hydla 2 vart regulert, kom utbyggjar til semje med gardbrukarane.

7.8 Skogsdrift

I samband med opparbeidinga av feltet vil det verte tynna og rydda skog, og anleggsvegane og den ferdige tilkomsten vil lette uttaket. På fellesareala og grøntareala vil det tidvis verte behov for å tynne skog også i framtida, og då kan grunneigar nytte dei opparbeida vegane. Ellers vil det ikkje verte skogsdrift innanfor området.

7.9 Konsekvensar for kommunen og næringslivet

For næringslivet i Stryn kommune har utbyggingane kring skisenteret hatt store konsekvensar. Fritidsbustadane genererer omsetnad for verksemndene i sentrum, skisenteret og ikkje minst bygge- og anleggsindustrien. Etablering av hyttefelta har sikra eksisterande arbeidsplassar og skapt mange nye. Stryn kommune får fleire brukarar av sine tekniske anlegg, og auka inntekter gjennom faste avgifter. Ei ulempa er likevel at det vert større trafikk gjennom bustadfelta på vegen mot skisenteret, med dei ulempene det medfører for dei som bur der.

7.10 ROS-ANALYSE

ROS-analysa er utarbeida av Åse Bergset, og gjennomført med utgangspunkt i DSB (direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap) sin rettleiar "Samfunnssikkerhet i arealplanlegging – Kartlegging av risiko og sårbarhet". (Revidert utgåve 2011). Planarealet grensar til Hydla 2, som var regulert i 2013. Terrenget i denne utvidinga er samsvarande med terrenget i Hydla 2, som vart nøye greia ut i 2012-2013, -både gjennom prosessen med reguleringsplanen/ROS, men også gjennom arbeidet med kommunedelplanen. Derfor bygger delar av denne ROS-analysa på konklusjonane frå dei førige utgreiingane.

Det er kartlagt potensielle hendingar og situasjonar som kan føre til fare for liv eller helse, økonomiske verdiar eller miljø (kulturelle eller miljømessige verdiar).

7.10.1 Samandrag- avbøtande tiltak

Vi har konkludert med at vegen langs tomtane bør ha 40-sone for å sikre mjuke trafikantar, samt at utbyggjar må etablere gode grøfter langs vegane.

7.10.2 Om analyseområdet

Feltet har god utsikt mot sør-aust og Stryn skisenter med dei utbygde hyttefelta rundt alpinløypa, og grensar inn til eit utfartområde mellom Stryn skisenter og Ullsheim. Sør for feltet er det etablert ein turveg / skiløype som er mykje trafikkert av turgåarar, og det er også regulert inn ei skiløype som går nord/sør mellom Hydla 1 og Hydla 2.

Tilkomsten til Hydla 2 er under opparbeiding. Utvidinga av Hydla 2 får tilkomst via veg 4 som vist på reguleringsplan for Hydla 2.

7.10.3 Vurdering av farekategoriar og drøfting av tiltak

Med utgangspunkt i DSB sin vegleiar; *Samfunnssikkerheit i arealplanlegginga*, har vi vurdert påfølgjande hendingar/situasjonar som aktuelle analyseobjekt i samband med utviding av Hydla 2.

Farlege stoff

Det skal ikkje fraktast farlege stoff til eller frå feltet, og det er heller ikkje eksisterande verksemder i nærleiken som handterar farlege stoff. Utsprenging kan medføre utslepp som kan renne til bekkane, men vegane er lagt etter terrenget, slik at sprengingsbehovet er minimalt.

Terror/ sabotasje

Vi trur ikkje at hyttefeltet vil vere eit terror- eller sabotasjemål, eller at etableringa av feltet aukar risikoen generelt i Stryn. Dersom straumtilførselen fell bort, eller vassforsyninga vert sabotert, vil det ikkje medføre stor risiko for liv, helse eller eigedom.

Trafikktryggleik, kommunal tilkomst til feltet

Ei auka utbygging rundt Stryn Skisenter medfører også auka trafikk gjennom bustadfeltet på Tonning, nord for Stryn sentrum. Tilkomstvegen gjennom bustadfeltet «snirklar» seg opp bakkane i tett villastrøk, og auka trafikk her medfører auka belastning for beubarane langs vegen. I bustadfeltet er det etablert fartshumper og 40-sone, noko som bidreg til å halde farten på gjennomgangstrafikken nede, og dermed sikre forholda for mjuke trafikantar.

Skog- og grasbrann

Feltet har relativt store tomter, med minimum avstand på 8 meter mellom fritidsbustadane i tråd med TEK. Ein eventuell brann i ei hytte vil derfor ikkje medføre uvanleg stor risiko for storbrann. Feltet ligg på/rundt eit myrområde, men ved lange tørkeperiodar kan øvste vegetasjonsdekket bli uttørka. Likeeins kan det oppstå risiko for tap av store verdiar (fleire hytter) dersom vassforsyninga vert kutta til feltet, slik at sløkking vert problemfyldt. I utgangspunktet har feltet god vasstilførsel, og det ligg kun 10 min frå brannstasjonen i Stryn sentrum.

Infrastruktur

Infrastrukturen (straum, fiberkabel, vatn og avløp) skal leggast i eigne grøfter (delvis langs vegen) og i samsvar med retningslinjer og forskrifter. Vassleidningane vert lagde så djupt at anlegget er frostfritt og i tråd med kommunale retningslinjer. I og med at anlegget vert nytt, må ein kunne rekne med at det fungerer etter intensjonane, og at tilførsel av straum og vatn er sikra. VA-anlegget skal driftast av Stryn kommune, som vil sikre at det ikkje oppstår lekkasjar som kan medføre risiko for miljøet. Utbygging av feltet vil ikkje redusere kapasitetane til andre abonnentar.

Høgspentanlegg

Det er ingen høgspentanlegg i nærleiken av feltet som kan medføre fare for stråling. Den elektriske infrastrukturen til feltet skal leggast i jordkabel, og vil heller ikkje utgjere nokon risiko.

Radon

Det er ikkje påvist fare for radonstråling i området. Alle hytter skal ha radonsperre (TEK 10).

Overvatn/flaum

Hytteområdet ligg i terregn som er myrlendt, og i nedre delen av eit traktforma landskap med eit relativt stort nedbørsfelt høgare oppe i terrenget. Men drenering (i 2014) innanfor Hydla 2, har leda bort vatn som tidlegare gjekk over planarealet. Store nedbørsmengder kombinert med frost kan likevel medføre overvatn. I tillegg kan utgraving av tomtene og arrondering i samband med vegbygginga medføre at vatnet skiftar ferdselsåre, og grev ut nye far. Det er viktig at utbyggjar tek dreneringa i feltet alvorleg, og opparbeider gode grøfter langs vegane, og ellers etter behov.

Skred/ras

NGI sine aktsemndskart har avmerka området som potensielt skredfarleg. Geolog frå NGI synfarte feltet (inkludert utviding av Hydla 2) i januar 2013, og har klarert området med tanke på rasfare.

På Hydla 1 har det ikkje dukka opp førekomstar av leire, så det er lite truleg at det vert eit problem. Dersom det under opparbeiding av tomter eller vegar viser seg at det er vanskelege grunnforhold, til dømes leire, må utbyggjar tilpasse seg desse og ta dei nødvendige forholdsreglar.

7.10.4 Sjekkliste klimatilpassing

Sjekkliste klimatilpassing

NB – dette er ikkje ei uttømmande liste, men eit utgangspunkt for lokal diskusjon.

1. Flaumfare

- a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km²)
 - o Er det teke høge for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
 - o Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre på resultatet av kartlegginga?
 - o Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet? (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
 - o Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?
- b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall
 - o Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
 - o Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?
 - o Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærmere ein vassveg/ bekke?
 - o Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
 - o Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
 - o Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

2. Avløp

- a) Har det vore problem med kapasiteten i avløppssistema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- b) Har det vore problem tilbakeslag?
- c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?
- d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

SIØ ROS 7.10.3

3. Havnivå/stormflo

- a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren Handtering av havnivåstigning i kommunal planlegging?
- b) Har det vore problem med stormflo?
- c) Kan auka havnivå lage problem eller forsterke eksisterande problem?

Inklje avhulet

SIØ ROS 7.10.3

4. Skred/erosjon

- a) Kan det gå sørpeskred, jordskred, snøskred eller flaumskred?
- b) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør, større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør og våtare/mindre snø endre forholda?
- c) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsatt for erosjon?
- d) Kan auka flaumfare og havnivåstiging endre forholda?

SIØ ROS 7.10.3

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

- a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

Nei

6. Slagregn

- a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?

Nei

Elektronisk versjon? Kontakt fmsfeor@fylkesmannen.no

9/9-14 År Bergsæt

8 INNSPEL

Vi har ikke motteke «negative» innspel, men 3 offentlege instansar peikar på tema som det bør leggast vekt på i omtala og ROS-analysa.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM):

Peikar på at aktuelle natur- og miljøfaglege tema for planomtalen vil vere m.a. naturmiljø, landskap, friluftsliv og allmenn ferdsel. Vidare går FM ut i frå at prinsippa i naturmangfaldlova vert ivaretakne.

Kommentar:

Desse momenta er drøfta i kapittel 7, verknader. (sjå 7.1 til 7.3)

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Minner om at tiltakshavar har plikt til å melde i frå om ein støyter på automatisk freda kulturminner under graving i feltet.

Norges vassdrags- og energidirektorat

Minner om generelle utgreiingskrav i PBL § 4-3, og anbefalar NVE si retningsline 2/2011.

9 REFERANSAR OG KJELDER

Plan og bygningslova

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar, 2011

TEK10 Teknisk forskrift til Plan- og bygningslova.

DSB (direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap) sin vegleiar "Samfunnssikkerhet i arealplanlegging – Kartlegging av risiko og sårbarhet". (Revidert utgåve 2011).

Naturmangfaldloven

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sjekkliste klimatilpassing